



**SUND KOMMUNE**

Areal

Hordaland Fylkeskommune

16 OKT 2015

Brand Factory Norge AS avd Østfold  
Postboks 1084  
1705 SARPSBORG

Sakshands.: ELBØ      Vår ref.: 15/1941-3      Dykkar ref.:      Dato: 14.10.2015  
Direktetlf.: 56327535      Arkiv: 510 GNR 50/188

**FULLMAKTSVEDTAK BYGGJESAK. GNR. 50, BNR. 188, SKOGE. SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - OPPFØRING AV SKILT. TILTAKSHAVAR: HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

DS-sak: 247/15

Vi viser til fullmaktsvedtak byggjesak den 14.10.2015, der FBS. 247/15 vart handsama.

**Faktiske opplysningar:**

Føremål med tiltaket: oppføring av skilt

Samsvar med plan: ja, i tråd med reguleringsplan for Skogsvåg skule - delar av gnr. 50 bnr. 4, 7, 9, 56, 147 - Skoge

**Lovgrunnlag:**

Sund kommune har vurdert saka etter LOV 2008-06-27: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) og reguleringsplan for Skogsvåg skule - delar av gnr. 50 bnr. 4, 7, 9, 56, 147 - Skoge (vedteke 20.3.2001)

**Saksutgreiing:**

Søknaden gjeld

Sund kommune har den 24.9.2015, motteke søknad om løyve til oppføring av skilt på gnr. 50, bnr. 188, Sotra vgs, Skoge. Ansvarleg søkjar er Brand Factory Norge AS. Tiltakshavar er Hordaland Fylkeskommune, Eigedomsseksjonen.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3, jf. 20-1. Plan- og bygningsmyndigheitene skal kontrollere at søknadspliktige tiltak ikkje strider mot føresegn i eller i medhald av plan- og bygningslova. Dersom tiltaket ikkje er i strid med slike føresegner, har tiltakshavar krav på å få løyve til omsøkt tiltak, jf. § 21-4 (1).

Planstatus

Eigedomen ligg i eit regulert felt og det ligg føre reguleringsplan - reguleringsplan for Skogsvåg skule - delar av gnr. 50 bnr. 4, 7, 9, 56, 147 - Skoge (vedteke 20.3.2001)

Beskriving av tiltaket

«Type skilt / folie: 1 stk. pylon informasjonsskilt uten lys, 1000x2300x80mm (vedlegg E1)

1 stk. løse fasadebokstaver / logo «Skjold/Sotra vgs HFK» uten lys, 4622x589 (E2)

(eksisterende spotter benyttes)

1 stk. nedhengsskilt uten lys, 800x200mm (E3)

1 stk. folie rød m /hvit tekst på glassfelt over dør <<inngang B>> (E4)

Farger : Hvit /sort, rød og gul

*Materialer: Pylon: Rammeverk av frikantprofiler kledd med hvitlakkerte plater i aluminium eller rustfritt stål. Budskapsbærende panel i 10 mm opal akryl monteres med avstandsskruer med pyntehoder. Budskapet i utskåret eller printet folie. Uten lys. (E1)*

*Skilt «Skjold/Sotra vgs/HFK»: profil 1 i ut freste bokstaver i 10 mm rød lakkert skum PVC, våpenskjold i 20mm PVC m/gul folie. Monteres på sperreskinner i klar akryl eller alu.profil. Belyses med eksisterende spotter. (E2)*

*Nedhengsskilt: rød lakkert aluminium med tekst i hvit folie. Monteres hengende fra tak. (E3)»*

### Nabovarsling

Det er søkt om fritak frå nabovarsling. Etter pbl § 21-3 (2) kan kommunen frita søkjar frå å varsle naboar når deira interesser ikkje eller i liten grad får følgjer for det arbeidet som blir gjort. Ut i frå dei opplysningar som er gjeve vert det lagt til grunn at nabovarsling ikkje er naudsynt.

### Gjennomføringsplan og ansvarsrettar

Det ligg føre gjennomføringsplan for tiltaket. Det ligg føre søknad om ansvarsrett frå:

Føretak	Funksjon	Ansvarsområde	Tiltaksklasse	Sentral godkjenning
Brand Factory Norge AS	SØK	Heile tiltaket	1	Ja
	UTF	Montering av skilt	1	Ja

### **Vurdering:**

Det er i samband med søknaden søkt om fritak frå ansvarsrett for prosjektering. Ansvarleg søker skriv at dei har vore i kontakt med Statens Byggetekniske etat, kor dei har fått tilbakemelding på at dei som skiltleverandør generelt søker om enkle tiltak i samband med omprofilering av bygg, og at tiltaket ikkje krev sentral godkjenning.

Omsøkt tiltak er i tråd med reguleringsplankart og reguleringsføresegn. Kommunen har etter dette ingen merknad til omsøkt tiltak.

### **Vedtak:**

Sund kommune gjev eigar av gnr. 50, bnr. 188, løyve til oppføring av skilt slik det går fram av innsendt søknad, kart og teikningar, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-1 og 21-4. Fylgjande føresetnad ligg til grunn for vedtaket:

1. Reguleringsplankart og reguleringsføresegn skal fylgjast
2. Tiltaka skal plasserast slik innsendte kart og teikningar syner
3. Kommunen godkjenner dei ansvarsrettane som ligg føre, jf. pbl § 22-3

4. Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest, som vert utstedt av kommunen når det ligg føre nødvendig sluttokumentasjon. Sluttokumentasjonen skal vise at tiltaket er bygd i samsvar med løyvet, jf. pbl § 21-10
5. Er ikkje tiltaket sett i gang innan tre år fell løyvet bort, jf. pbl § 21-9
6. Kommunen skal ha melding om når tiltaket vert sett i gang, jf. forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskriften) § 60

\*\*\*\*\*

Vedtaket kan i tråd med forvaltningslova § 28 påklagast. Orientering om klagerett fylgjer vedlagt. Klagefrist er 3 veker.

**Byggesaksgebyr (jf. gebyrregulativet for Sund kommune 2015)**

- Anna tiltak kr. 2.055 ,- (pkt. 1, jf. § 15)
- Søknad om ansvarsrett kr. 1.370 ,- (pkt. 13)

Samla byggesaksgebyr på kr. 3.425,- vert ettersendt til tiltakshavar.

Skulle De ha spørsmål til saka, er De velkomen til å ta kontakt.

Med helsing

  
Mona Rabben  
leiar arealavdelinga



**Kopi til:**

Hordaland fylkeskommune Eigedomsseksjonen

5020 BERGEN